

**Tom-Christer Nilsen** sette på vegner av H og Frp fram slikt forslag:

"Som fylkesrådmannen sitt forslag med slik endring i punkt 3, 2. setning:  
Fylkesutvalet rår til at konsesjonsvederlaget vert delt mellom fylkeskommunen og  
vertskommunen..."

### **Røysting**

Nilsen sitt forslag vart vedteke med 10 røyster mot 5 røyster (KrF, V, SP, 1 A) for fylkesrådmannen sitt forslag.

### **VEDTAK**

1. Fylkesutvalet tilrår at det vert delt ut fem nye løyve for laks og aureoppdrett i Hordaland. Fylkesutvalet er positiv til at eitt eller fleire av dei økologiske løyva også kan verte tilgodesett regionen.
2. Fylkesutvalet tilrår at ein primært skal fordele løyva på fleire aktørar, men at ein skal kunne ha høve til å tildele fleire løyver til ein aktør om dette er best ut i frå ei heilsakeleg vurdering.
3. Fylkesutvalet meiner det er rett å oppretthalde ei ordning med vederlag for løyve. Fylkesutvalet rår til at konsesjonsvederlaget vert delt mellom fylkeskommunen og vertskommunen for styrking av oppdrettskommunane i høve til kystsoneplanlegging, utvikling av betre forvaltingssystem, arbeid med marin næringsutvikling, miljø med meir.
4. Fylkesutvalet står prioritering av små og mellomstore verksemder ut frå ynskje om å behalde mest mogleg av verdiskapinga i lokalsamfunna.
5. Fylkesutvalet ynskjer tildelingskriterium for prioritering av søkjavar som bidreg til avleia lokal verdiskaping. Dette treng ikkje berre vere avgrensa til direkte bearbeiding av fisk. Fylkesutvalet ynskjer at slik prioritering skal vere basert på dokumentasjon.
6. Fylkesutvalet er positiv til å nytte tildelinga som verktøy for å løyse utfordringar knytt til Pancreas disease (PD sjukdom) i samarbeid med næringsorganisasjonane.
7. Fylkesutvalet ynskjer å stimulere økologisk produksjon og rår til at vederlaget for desse løyva vert redusert frå 8 til 5 mill. kr for delvis å kompensere for lågare fortenestemarginar i ein oppstartsfasa.
8. Fylkesutvalet meiner gjeldande fylkesplan ikkje er eigna for lokale akvakultururderingar. Det vert derfor tilrådd breie konsulteringsrundar med fylkespolitiske vedtak som fylkeskommunalt vurderingskriterium. Vidare ser fylkesutvalet ikkje trong for dokumentasjon av dei fylkespolitiske vurderingane ut over det som gjeld i høve til vanleg fylkeskommunal sakshandsaming.
9. Fylkesutvalet meiner fire veker er for knapp tid til fylkeskommunal fråsegn om akvakulturløyve i 2009.